

Notat

Dato: 06.03.2015
Arkivsak: 2015/2972-1
Saksbehandlar: ashsand

Tilpassing av ferjetilbodet i Hardanger som følge av endring i reisemønster

Opninga av Jondalstunellen og Hardangerbrua har gitt nye reisemoglegheiter og ført til nye reisemønster. Dette har ført til endring i talet reisande på fleire ferjesamband i Hardanger.

Trafikkgrunnlag (statistikk)	2013	2013	2013	2013	2014	2014	2014	2014
Samband	Køyretøy	PBE	PBEÅDT	Pax	Køyretøy	PBE	PBEÅDT	Pax
Kvanndal – Utne	132934	242415	664	276375	96159	175895	482	191870
Kinsarvik – Utne	13110	17205	47	37463	13032	17038	47	37497
Kinsarvik – Kvanndal*	11953	18170	50	45961	5109	8509	23	25804
Jondal – Tørvikbygd	155529	243841	668	327793	179396	287349	787	388081
Gjermundshamn – Årsnes	216292	326116	893	423999	211559	317513	870	408973
Varaldsøy - Gjermundshamn	15857	21657	59	33506	16468	22390	61	34577
Varaldsøy - Årsnes	14530	19120	52	25311	16109	20461	56	27850

*Strekninga Kinsarvik – Kvanndal vert avløyst av Hardangerbrua.

Som følge av endringa i talet reisande har Skyss og ferjeoperatør Norled AS gjennomført nokre tilpassingar. Dette er hovudtrekka i endringane:

Jondal - Tørvikbygd

Sambandets rutetabell er utvida og større ferje er satt inn i sambandet. Dette vart gjennomført i samband med opninga av Jondalstunellen.

Kvanndal – Utne – Kinsarvik

Skyss legg opp til ny rutetabell for strekninga Kvanndal- Utne frå og med 17. august 2015.

Ruteproduksjonen vil bli utført av ei ny ferje som er under bygging. Den nye ferja forventast levert i løpet av hausten 2015. Ferja har salong oppe som gjer den svært turistvenleg, samt at den har moderne fasilitetar med gode løysingar knytt til universell utforming. Ferja har kapasitet til 40 pbe, 195 pax og kan laste inntil 4 vogntog à 50 tonn.


M/F Hardingen som betener sambandet i dag, vil bli omplassert til Skjersholmane – Ranavik.

Skyss legg vidare opp til ny rutetabell for strekninga Kinsarvik – Utne gjeldande frå same dato. Den nye rutetabellen inneber at ferja M/F Jondal berre vil trafikker strekninga Kinsarvik – Utne og tek omsyn til pendlarbehovet internt i Ullensvang Herad.

Kostnader

Dei avtalte endringane vil gje Skyss ei årleg innsparing på kr. 2.500.000,- (2014-kroner). Sett i samanheng med tidlegare tiltak i Hardanger vil slik innsparing bidra til å redusera meirkostnadar knytt til det samla ferjetilbodet i Hardanger.

Ny rutetabell for strekninga Kvanndal – Utne:

Kvanndal - Utne					
					
RUTE 1001					
Frå Kvanndal			Frå Utne		
Mån-fre	Laurdag	Søndag	Mån-fre	Laurdag	Søndag
06.00	06.45	08.00	06.25	07.10	08.30
06.45	07.35	09.00	07.10	08.00	09.30
07.35	09.00	10.00	08.00	09.30	10.30
09.00	10.00	11.00	09.30	10.30	11.30
10.00	11.00	12.05	10.30	11.30	12.30
11.00	12.05	13.00	11.30	12.30	13.30
12.05	13.00	14.00	12.30	13.30	14.30
13.00	14.00	15.00	13.30	14.30	15.30
14.00	15.00	16.00	14.30	15.30	16.30
15.00	16.00	17.00	15.30	16.30	17.30
16.00	17.00	18.00	16.30	17.30	18.30
17.00	18.00	19.00	17.30	18.30	19.30
18.00	19.00	20.00	18.30	19.30	20.30
19.00	20.00	21.00	19.30	20.30	21.30
20.00	21.00	22.00	20.30	21.30	22.30
21.25		22.50	21.50		23.10
22.25			22.45		

Overfartstid / Crossing time: ca. 20 min.
 Ferje/Ferry: Biliar/cars: 40 pbe, pax. 195
 Takstzone / Fare Zone 6

Ny rutetabell Kinsarvik – Utne:

Utne - Kinsarvik



Frå Kinsarvik			Frå Utne		
Mån-fre	Laurdag	Søndag	Mån-fre	Laurdag	Søndag
06.10	08.20	09.25	06.40	08.55	09.55
07.15	09.25	10.25	07.45	09.55	10.55
08.20	10.25	14.30	08.55	10.55	15.05
09.25	14.30	15.35	09.55	15.05	16.10
13.25	15.35	16.40	14.00	16.10	17.15
14.30	16.40B	17.45B	15.05	17.15B	18.15B
15.35	17.45B		16.10	18.15B	
16.40			17.15		
17.40A			18.15A		
20.15A			20.45A		

A = Berre måndag og onsdag

B = Sommarrute 15. juni - 20. august

Overfartstid / Crossing time: ca. 28-30 min.

Bilar/cars: 30 pbe, pax. 99

Takstzone / Fare Zone 8